

Referat frå møte i Brukarutvalet i Helse Bergen	
Tid og stad	13.06.2022, kl. 09-14, Stort Møterom, 2. etg. Jørgen Sandbergs hus
Møte nr	
Tilstades	Linda Haugland (FFO), Eli Sjo (FFO), Inger Margrethe Lingjerde (Pensionistforbundet), Ulrikke Tranberg (SAFO), Reidun Tjønn Rinde (FFO), Gunnar Langlo (SAFO), Everline Mjømen(Vestlandsk Innvandrerråd), Atle Grung Eide (Kreftforeningen) til kl. 13, Silje Edvardsdal Thon (FFO) fra kl. 11:40
Fråvær	Christine Lønne (ProLAR)
Referent	Merete Eide Hernes

Saksnr	Saka gjeld
61/22	<p><b>Velkommen. Godkjenning av innkalling og saksliste.</b></p> <p><b>Avgjerd:</b> <b>Innkalling og saksliste er godkjent.</b></p>
62/22	<p><b>Godkjenning av referat frå brukarutvalsmøte 09.05.22</b></p> <p><b>Avgjerd:</b> <b>Referatet er godkjent med rettingar i sak 51-52/22 og 59/22 etter innspel</b></p>
63/22	<p><b>Kva rører seg i sjukehuset? v/ Grete Lill Hjartnes, Seksjon for samhandling</b></p> <p><u>Helsefellesskapet</u>; har blitt presentert fleire gongar tidlegare. Det er no kome så langt at alle kommunane har dette ute til politisk behandling og vedtak, skal være på plass innan 01.07.22. Føretaksleiinga i Helse Bergen har vedteke den nye avtalen og kven som skal sitte i dei ulike utvala.</p> <p>Strukturen er:</p> <p><b>Partnarskapsmøte;</b> ordførere og styreleder i Helse Bergen</p> <p><b>Strategisk samarbeidsutval;</b> frå helseføretaket er det viseadministrerande direktør Randi-Luise Møgster, klinikkdirktør i Mottaksklinikken, Anne Taule og divisjonsdirektør Divisjon psykisk helsevern Hans Olav Instefjord.</p> <p><b>Områdeutval;</b> det er ønskeleg å behalde tidlegare struktur med områdeutval; Voss, Bergen, Bergensregionen, Nordhordland. Hans Olav Instefjord og Ansgar Berg er med i alle utvala grunna fokus på psykisk helse og rus, samt satsing på barn og unge. Grete Lill Hjartnes skal være med i alle områdeutvala – for å bidra med fokus på samhandling. Christian Ohldieck frå Avdeling for rusmedisin er med i områdeutval Bergen.</p> <p><b>Faglige samarbeidsutval</b></p> <p>Det skal være brukarrepresentasjon på alle nivå i Helsefellesskap-strukturen. Det vil komme bestilling til Brukarutvalet ift kva brukarmedverkarar som skal inn i dei ulike områdeutvala.</p> <p><u>Innleggingsrapport som første melding;</u></p> <p>Til hausten vil det være mogleg for kommunane å sende innleggingsrapport når pasienten er på veg inn til sjukehuset – akutmottak kan då ha informasjon når pasienten kjem. Kan også gjere dette inntil 24 timer før ei elektiv innlegging. Ei arbeidsgruppe på tvers av sjukehus/kommune skal sjå på innhaldet i innleggingsrapporten. Eit e-læringskurs skal også dra til opplæring i inn- og utskriving både i kommunane og sjukehuset.</p>

	<p><b>Pakkeforløp kreft heim</b></p> <p>Både kommunar og helseføretak har fått oppdrag frå Helsedirektoratet om pakkeforløp kreft heim. Spesialisthelsetenesta har ansvar for å ha ei strukturert samtale med pasienten som ikkje skal handle om sjølve behandlingen/diagnosen, men belastningen dette gir pasienten. Samtalen er frivillig for pasienten, og spesialisthelsetenesta skal rapportere til kommunen korvidt samtalen har funne stad eller ikkje. Kommunen har oppfølgingsansvar for vidare samtaler med pasienten.</p> <p><b>Avgjerd:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Brukarutvalet tar sakene til orientering.</li> <li>• Brukarutvalet oppfordrer til at pasienter med sammensatte komplekse diagnoser med behov for tenester frå fleire etatar i kommunen også implementerast i modellen for strukturerte samtaler likt som får kreft heim.</li> <li>• Brukarutvalet ber om en evaluering i korleis kreftomsorgen i kommunane fungerer.</li> </ul>
64/22	<p><b>Invitasjon til arbeidsmøte med arbeidsgruppa for prosjekt «Betre brukarmedverknad»</b>  <b>15.juni kl. 13-15</b></p> <p>Sjukehuset vil legge til rette for at brukarane skal gje tilbakemeldingar, og at disse tilbakemeldingane kan brukast aktivt til å forbetre tenestene våre. Kan være alt frå formelle klager, saker som treng oppfølging og enkle ting som ikkje krevar oppfølging.</p> <p>Arbeidsgruppa har vært nøydt til å finne ut av ein del tekniske og juridiske utfordringar i forhold til løysinga. No ønsker ein at brukarmedverkerar skal komme med innspel til korleis løysinga skal være utforma for at den skal fungere godt for ulike brukarar.</p> <p><b>Avgjerd:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Atle Grung Eide og Gunnar Langlo stiller som representanter fra Brukarutvalet.</li> <li>• Det oppfordrast til at alle i Brukarutvalet leiter på Helse Bergen sine nettsidar for korleis tilbakemeldingar til sjukehuset kan gis, og sende innspel til Trude Hjortland.</li> <li>• Brukarutvalet tar saken til orientering.</li> </ul>
65/22	<p><b>Brukarrepresentasjon i prosjekt Digital samkonsultasjon i regi av Delprosjekt Fag- og tenesteutvikling Region Nordhordland</b></p> <p>Prosjektet ønsker å bidra til tverrfagleg samhandling og eit meir heilhetleg tilbod ved å prøve ut samarbeidsformer der aktuelt helsepersonell saman med pasient og eventuelt pårørande kan møtes digitalt i felleskonsultasjon. I forkant av dette må det kartleggast, analyserast og avklarast kva for pasientar som kan ha nytte av eit slikt tilbod, og kva legar/helsepersonell i kommunane og spesialisthelsetenesta som vil delta i ei utprøving av Digital samkonsultasjon som metode og verktøy for tverrfagleg samhandling.</p> <p>Prosjektet ber om deltaking frå Brukarutvalet. Ein diskuterer om det kan vere lurt å vere to representantar dersom Inger skal delta i dette, då Inger sin periode i Brukarutvalet går ut 2022. Kanskje vararepresentanten til Inger kan møte i tillegg til Inger.</p> <p><b>Oppfølging:</b> Linda sender e-post til Inger sin vararepresentant</p> <p><b>Avgjerd:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Inger Margrethe Lingjerde og Torveig Botnen deltar som representanter fra Brukerutvalget</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Brukarutvalet tar saken til orientering.</li> </ul>
66/22	<p><b>Innspel frå Brukarutvalet på korleis Brukarutvalet skal involverast i «Program Sentralblokken»</b></p> <p>Prosjektleiar Merethe Storegjerde presenterte det store programmet for utvikling av Sentralblokka som ein held på å rigge no. Det er ønskeleg å ha en dialog med Brukarutvalet om korleis ein skal sikre brukarmedverknad i programmet. Sentralblokka skal byggast om og moderniserast. I programmet er det fleire ulike prosjekter, der brukarmedverknad må sikrast. Arbeidet vil pågå over lang tid, tentativt til 2032.</p> <p>Programmet starter til hausten, men nokre prosjekt er alt starta. Alt henger saman og må sjåast i ei heilhet. Det aller viktigste er å ivareta pasienttryggleiken, samt arbeidsforholda for dei tilsette.</p> <p><b>Avgjerd:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Brukarutvalet tar saken til orientering og avventar saksinnmelding om brukarrepresentasjon i dei ulike delprosjekta. Oppfordrar prosjektleiar til å melde inn behov for brukarrepresentasjon i god tid før møterekka starter i de ulike prosjekta. I nokre av arenaene bør det oppnevnaast to representantar for å sikre kontinuitet og gjensidig støtte mellom brukarrepresentantane.</li> </ul>
67/22	<p><b>Innlegg på Møteplass for habilitering og rehabilitering 03.november</b></p> <p>Ønske om brukarmedverkar som skal halde innlegg på Møteplass for habilitering og rehabilitering, der fokus skal være behov for koordinerte tenester, pasientforløp på tvers av nivåa. Spesielt fokus på pasientforløp for barn/unge og unge vaksne</p> <p><b>Avgjerd:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ulrikke Tranberg vil halde innlegg saman med representant Ida Nordvik frå Ungdomsrådet.</li> </ul>
68/22	<p><b>PC</b></p> <p>Mette Monsen i Seksjon for samhandling ga informasjon om korleis ein kan sikre at Helse Bergen pc-en haldast oppdatert. Det vert bestilt tilgang til Teams til medlemmane i Brukarutvalet.</p> <p><b>Avgjerd:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Brukarutvalet tar saken til orientering og følger anbefalingane frå Mette.</li> <li>• Brukarutvalet ber om opplæring i Teams når tilgang føreligg.</li> </ul>
69/22	<p><b>Innlegg om brukarmedverknad på Pasienttryggleikskonferansen 16.september</b></p> <p>Den første lokale pasienttryggleikskonferansen i Helse Bergen skal arrangerast 16. september. Deltakarar er mellomleiare og BLEST-deltakarar, samt andre med interesse for forbettingsarbeid. Brukarutvalet er invitert til å delta. Konferansen er i Bikuben, frå kl. 08:30 til 15.</p> <p>Ein ønsker at ein brukarmedverkar kan snakke om forbettingsarbeid sett frå eit brukarperspektiv i 15 minuttar, samt at ein også ønsker en sofadebatt med innleiarane på slutten av konferansen. Brukarutvalet ønsker å gjøre dette i samarbeid med Ungdomsrådet.</p>

	<p><b>Avgjerd:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Linda Haugland tar ansvar for innlegget og har dialog med Trude og Merete. Innlegg frå Brukarutvalet og Ungdomsrådet blir heldt av Linda Haugland, Ida Nordvik og Lars Jørgen Haugland.</li> <li>• Representantar frå Brukarutvalet oppfordrast til å delta på konferansen.</li> </ul>
70/22	<p><b>Fast møtepunkt mellom systemnivå og drift-teknisk divisjon vedrørande prosjektliste byggssaker</b></p> <p>Trude og Merete har hatt møte med Drift/teknisk divisjon, der det blei presentert eit konkret forslag for å sikre betre og meir transparens i planlagde og pågåande byggprosjekter. Forslaget frå Geir Egil Pedersen frå Prosjektkontoret er at dei møter i Brukarutvalet to ganger i året for å presentere prosjektlista; kva byggprosjekter som er pågående og planlagt. Ved å få den oversikten har Brukarutvalet ein moglegheit til å seie noko om kva dei vil vite meir om, og sikre brukarmedverknad. Presentasjonen er i tillegg til konkrete byggprosjekter der brukarmedverkarar skal være involvert.</p> <p><b>Avgjerd:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Brukarutvalet er positiv til en slik gjennomgang og ønsker prosjektliste tilsendt i forkant av dei aktuelle møta. Brukarutvalet foreslår fast gjennomgang av prosjektliste i september og mars. Brukarutvalet ønsker å initiere ein dialog med Prosjektkontoret i møte i september, om korleis brukarperspektivet kan sikrast fortløpande når gangveger endrast som følge av byggprosjekter.</li> </ul>
71/22	<p><b>Innspel til program på Brukarutvalskonferanse 19.-20. oktober (Flesland)</b></p> <p>Regionalt brukarutval for Helse Vest har bedt om innspel til tema på regional brukarutvalskonferanse i oktober. Brukarutvalet foreslår:</p> <p><b>Tema: Korleis innarbeide brukarmedverknad i føretaka, både på system-, teneste- og individnivå?</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Presentasjon av prosjektet «Betre brukarmedverknad» i Helse Bergen - Trude Hjortland, prosjektleiar</li> <li>• Dialog med eller kommentarer frå brukarmedverkarar ift korleis det er å vere brukarmedverkar i Helse Bergen</li> <li>• Presentere samarbeidet med Ungdomsrådet i Helse Bergen</li> </ul> <p><b>Avgjerd:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Koordinator sender dette forslaget til Regionalt Brukarutval.</li> </ul>
72/22	<p><b>Omvisning Bybanestoppet</b></p> <p>Informasjon: Ulrikke og Linda fra Brukerutvalget deltar. Anett fra brukerpanelet på KK deltar også</p>
73/22	<p><b>Plassering av palliative senger i Helse Bergen</b></p> <p>Det har vært diskusjonar i media med tanke på kor palliativ sengepost skal plasserast. Lasse Hatletvedt frå Føretakssekreteriatet er invitert til Brukarutvalet for å gi ei orientering om prosessen i dette arbeidet. Programstyret for Glasblokkene har bestemt at det må gjerast</p>

	<p>meir analysearbeid før det kan takast ei avgjerd om kor sengeposten skal plasserast. 5.etg var ikkje planlagd som ein del av KK.</p> <p>Analysearbeid i Program Glasblokkene skal på fagleg grunnlag vurdere om det samla sett er kapasitet til å plassere palliativ sengepost i 5.etg.</p> <p><b>Avgjerd:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Brukarutvalet tar saken til orientering og ber om å bli inkludert vidare i prosessen.</li> </ul>
74/22	<p><b>Oppsummering av Kva er viktig for deg?-dagen</b></p> <p>Det var god oppslutning om Kva er viktig for deg?-dagen då den blei markert for første gang i Helse Bergen 09.06.22. Representantar frå både Brukarutval, Ungdomsråd og brukarpanel bidrog på dagen, og tilbakemeldingane frå deltakarane er at det var ein veldig kjekk dag med mange gode møter. Til saman 99 pasientar, pårørande og helsepersonell har gitt tilbakemelding på kva som er viktig for dei. Det vil bli laga ei oppsummering i form av ein rapport, og ein presentasjon. Det vil diskuterast korleis dette skal delast vidare inn i føretaket.</p> <p><b>Avgjerd:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Brukarutvalet er positiv til fleire markeringar som denne. Brukarutvalet avventar rapport etter Kva er viktig for deg-dagen og gir eventuelt innspel på denne.</li> </ul>
75/22	<p><b>Eventuelt</b></p> <p>Informasjon frå fungerande leiar</p> <p>Ønske om at Fagråd for klinisk kommunikasjon kjem til Brukarutvalet og presenterer 4 gode vanar.</p> <p><b>Avgjerd:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Linda Haugland fortsetter som leiar og Eli Sjo som nestleiar ut året.</li> <li>• Reidun Tjønn Rinde går inn som representant i Arbeidsutvalet.</li> <li>• Tidligare leiar i Brukarutvalet inviterast til lunsj etter sumaren</li> <li>• Nytt medlem til brukarpanel KK blir utnemnt i brukarutvalsmøte i august.</li> <li>• Trude Hjortland sender orientering til styret i Helse Bergen.</li> <li>• Fagråd klinisk kommunikasjon inviterast til møte i Brukarutvalet i august for å presentere 4 gode vanar.</li> </ul>